



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld
Nr. 2-2007 - Årgang 21*

KYRKJELYDEN



Velkomen til eit nytt nummer av Kyrkjelyden...

Sidan sist har det hendt mykje. Påskehøgtida vart halde med litt fleir besøkjande enn vanleg, og det er med på å gi både glede og inspirasjon til kyrkjelydane.

For konfirmantane har våren vore hektisk med konfirmantoverhøyring og konfirmasjonsgudstenester i dei ulike kyrkjene. Det har vore veldig festleg, og vi har vore heldige med både sol og varme dei dagane.

Då vil vi ynskje alle ein god sumar, med tid til både arbeid og fritid. Det er godt å kunne sjå fram mot dei lange lyse kveldane.

Svenning Jørgensen



Redaktør:
Svenning Jørgensen

Med god hjelp frå:
Eilev Erikstein

Formgjeving:
Ove Kjell Huvestad.

Gåver til "Kyrkjelyden"
kan betalast inn på
bankgirokonto
2685 07 06947

Kyrkjekontoret i Tokke
Tlf 350 77 188
Fax 350 77 052

E-post:
soknepresten@tokke.kommune.no
kyrkjeverja@tokke.kommune.no
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no

Postboks 94
3886 DALEN

Kontoret er ope:
Måndag, tysdag, onsdag, torsdag
og fredag - kl. 0900-1330.

Prost Jørgensen, Øyvind A.	- mobilt.	995 16 348
Sokneprest Jørgensen, Svenning	- mobilt.	909 76 719
Prostidiakon Erikstein, Eilev	- mobilt.	911 13 580
Kyrkjeverje Huvestad, Ove Kjell	- mobilt.	908 77 188
Organist Radziej, Zbigniew,	- mobilt.	412 71 930
Organist Lamsodis, Robertas	- mobilt.	970 97 475

”Sjå på fuglane under himmelen...”

Matt 6, 25-34

Mange lever eit heseblesande liv. Jobbar og strevar og slit. Ikkje for å samle seg pengar. Ikkje for å dyrke Mammon, men for å klare å betale det nye huset, eller hytta eller bilen, og dei stadig nye tinga på ønskelista. Og barna må få det dei har bruk for; det må i alle fall ikkje bli noko ringare med dei enn med kameratane.

Det har blitt eit forbruk og ein krav-mentalitet som gjer noko med oss, dersom vi ikkje stopper opp og seier nei.

Materialismen er ikkje nokon god herre å tena. Der ein har gitt sitt hjerte til denne herre, der tek han noko, og han gjev noko.

Han tek tankane, slik at vi jamt og støtt er oppteken av alt som har med det materielle å gjera. Utan at vi egentlig registrerar det.

Men han gjev også noko. Det er bekymringar.

- Jesus veit kor nærliggjande det er for oss å gjera Mammon til Herre i vårt liv, og han ønskjer å seie oss, at det kan bli annleis. Livet vårt kan endras til det heilt motsette, der vi ikkje lever i frykt og bekymring, men i tillit til at vår himmelske far gjev oss alt vi treng til.

Jesus seier: Sjå deg omkring, og bruk din forstand. Resonnér enkelt og logisk ut ifrå det som er rett foran nasa di.

Sjå på fuglane som flyr rundt overalt. Dei verken sår eller hauster, likevel får dei frå dag til dag det dei treng. Og sjå liljene på marka, de strevar ikkje med noko som helst, likevel er dei finare enn kong Salomo i all sin herlegdom. Og vi er langt meir verd enn både fuglane og liljene. Då burde vi ærlig tala forstå, at vi har ingen grunn til å bekymre oss, når Gud i himmelen er vår far.

Er det då sant, at Gud er den han seier i sitt ord han er, da har vi ein Gud, som er både allmektig og uendeleg god. Og han veit om ikkje bare alt i vårt åndelige liv, men han veit om alt vi treng i det daglege livet. Slik er den himmelske far.

Men Jesus veit også om, at det er så nærliggjande for hans barn å tenkje på same måten som verda når det gjeld Mammon og bekymring, difor formanar han: «Søk fyrst Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre attåt.»

- Er det mange som søker fyrst Guds rike og hans rettferd, eller er det mammon og hans bekymringar? Det er nemleg umogeleg å tena begge desse Herrar på same tid, seier Jesus.

Men det menneske som begynner å søkje Jesus og tek sin tilflukt til det han har gjort for oss, han blir samstundes i besittelse av ein heil og full frelse, og begynner å læra, at den som høyrer til hjå Jesus, ikkje har grunn til å bekymra seg.

Det som er viktig for den gudlause, er ikkje lenger so viktig, for ein har sett, at det er noko som er uendeleg mykje viktigare.

- Det er å ha fred med Gud, og fred i si sjel. Å kjenne Gud, og leve i eit personleg forhold til ham. Det er å vite om evigheten, at det er ein himmel og eit helvete.

Det er å gå på den smale vegen til himmelen, men samtidig den vegen, der Gud gjev alt vi treng til.

- Skal eg være ærleg, da må eg med skam erkjenna, at eg så alt for ofte bekymrar meg. Og har vanskeleg for å stole på, at Gud gjev oss alt vi treng til.

Likevel veit eg, og har også erfart, at Gud gjev oss alt - i rette tid - og at mine bekymringar er grunnause.

Derfor vil eg søkje Gud i hans ord, og igjen ta min tilflukt til ham, og be ham fornye min tro på hans omsorg.

Og innby deg til å gjere det same.

Det finnes ikkje nokon grunn til ikkje å gjere det.

Sokneprest

Svenning Jørgensen

”Eg kjenner at eg står støtt”

Slik ordlegg ho seg, Anne-Lise Arneberg, når eg spør henne korleis det er å vere ein kristen. Men det er ikkje seg sjølv ho talar om då, det er om den trua ho byggjer på. ”Kristentrua er eit trygt fundament. Noko fundamentalt i livet, kan ein seie. Eg er ikkje noko kjensle-menneske. Det vesentlege er at fundamentet held. Derfor opplever eg at eg står støtt.”



Å stå er kanskje ikkje det fyrste vi tenkjer på med Anne-Lise. For elles i livet er det meir passende for henne å gå og røre på seg, og ho er aktiv og engasjert på mange område.

Overskrifta ovanfor kunne gjerne ha vore: ”Byjenta som likar seg best på landet.” Anne-Lise er fødd og oppvaksen i Kristiansand, like utanfor bykjerna. Men tankar og føter vende seg tidleg mot marka, mot skogen, der ho kunne bygge barhytter og leike i trea.

Somrane på Sunnmøre har også gjeve sterke minne. Der budde besteforeldra på ein gard mellom havet og fjellveggen, og dit reiste ho med familien frå Kristiansand kvar sommar. Berre reisa er ei skildring verd, frå stasjonen i Sørlandsbyen via Vestbanen og Østbanen og vidare med tog, bussar og ferjer, heilt til dei møtte slektningane som sto klar med mjølkespanntralla for å ta imot dei og bagasjen deira. ”Her var eg med i

slåtten og i fjoset, på støylen og på fisketur og mykje anna. Her møtte eg tanter og onklar og syskenborn, og bestemor og bestefar var det naturlege midtpunktet. Også no må eg dit opp ein gong imellom. Eg har så mange gode minne derifrå.”

Vi kan skjønne at Anne-Lise er glad i naturen. På skulen, derimot, lika ho seg ikkje så godt. Men skule blei det meir av likevel. Ho utdanna seg til førskulelærer, og seinare tok ho kristendomskunnskap grunnfag. Og no har ho hamna i skulen som lærar. ”Eg lika best å arbeide med dei eldste i barnehagen, men så forsvann seksåringane over i skulen. Då skifta eg også til skulen,” fortel ho.

Fleire stader har ho arbeidd i barnehage. Det som har gjeve henne dei sterkaste minna frå arbeidslivet, er nok dei tre åra ho var kombinert barnehagestyrar og kyrkjelydssekretær i Granvin i Hardanger. ”Eg gjekk med dåpshelsingar, dreiv ungdomskor, var med konfirmantane o.s.b. Det var litt tøft for meg, unge jenta, for her var ikkje noko sørlansk kristenmiljø. Men det var hyggelege menneske der, og det gjekk fint.”

No har Anne-Lise budd i Skafså i 20 år. Eg vågar meg til å spørje korleis ho kom hit. ”Det var denne kjærleiken, då, veit du. Gjennom felles kjende traff eg Tarjei, og så ... ja, så hamna eg her.” For Anne-Lise var det ikkje vanskeleg å kome til ein gard. ”Eg visste kva eg gjekk til, og hadde ingen romatiske tankar om gardslivet. Ein bonde er veldig bunden. Han kan ikkje låse og reise som andre. Og det er ikkje så lett å få tak i folk som kan dette med mjølkekyr og som kan løyse av.” Eit anna hjartesukk på vegne

av bondestanden kan vi også forstå: ”Vi andre går stadig opp i løn. Bøndene går ned. I min barndom bruka vi førti prosent av løna på mat. No brukar vi fjorten, men likevel klagar folk over at maten er for dyr.”

Men tru ikkje at Anne-Lise er mest oppteken av eigne interesser. Ho er sterkt engasjert av forvaltning, fordeling og vern av miljøet. ”Vi må ikkje vere moralistar, men vi har ei veldig utfordring i å dele rikdomane i verda og ta vare på jorda for dei som kjem etter oss. Eg tenkjer særleg på alle dei som ikkje ser anna enn fattigdom, som ikkje har von.”

For nokre år sidan fekk ho sjå dette på nært hald. Ei veninne var misjonær i Bangladesh, og Anne-Lise fekk besøkje henne der. ”Eg fekk sjå mykje naud, og då kjende eg meg ubehageleg rik. Store delar av folket i Bangladesh er truga av havet som aukar, og dei fattige er mest utsette. Men det var også fint å sjå det arbeidet som misjonen gjer. Veninna mi driv ein mor-og-barn-klinikk, og ho lærer opp nasjonale medarbeidarar.”

Anne-Lise har lenge vore med i misjonsarbeidet. No driv ho barneforening og er med i ”Gå-ut-gruppe” i Skafså. Namnet har dobbel tyding, frå Bibelspråket og

friluftslivet: ”Vi går på tur, på ulike stader, året rundt. Og så har vi misjonsbøsse og les frå misjonsblad. Er det høve til det, fyrar vi bål og kokar kaffi. Eg gler meg til kvar samling. Og så er det veldig praktisk å vere ute. Vi slepp å styre med mat og rydde i huset før vi samlast.”

Misjonsengasjementet og den kristne trua, er det noko du har med deg frå barndomen? ”Ja, jo...” Ho dreg litt på det. ”Det var der, ja. Men ikkje så veldig tydeleg. Men eg hadde ei veninne som var kristen. Og eg var glad i å syngje, så ho fekk meg med i eit kor i Blå Kors. På den tida handla mange av tekstane om å vere innanfor eller utanfor. Eg kom til eit punkt då eg sa til meg sjølv: ’Anten må du meine det du syng, eller så må du slutte å syngje det.’ Eg sa til Gud: Du må syne meg at du er den du seier! Eg las i Bibelen og snakka med vener. Og dei eldre i Blå Kors hadde stor omsorg for oss unge. Vi fekk eit godt fundament. Sidan har eg opplevd at eg står støtt i den kristne trua. Eg er ikkje flink til å setje meg ned og lese og be, men likevel, eg opplever at ingen ting er viktigare enn trua på Jesus.”

ØAJ



1829 - 2007



Mo i øvre Thelemarken. Rautfjeld 1829. Teikning av S. O. Wolff.

Simon Olaus Wolff var sokneprest i Mo 1825-1833, han laga ein god del teikningar og måleri frå området i denne perioden. På teikninga over kan vi skimte Mo stavkyrkje og prestegarden. Prestegarden vart flutt til Ljostad i 1840-41, grunnen til flytjinga var eit jordskred som kom ovanfrå Mosli den 14. september 1837, det var frykt for at fleire skred kunne koma og treffe prestegarden.



Foto: Ove Kjell Huvestad

Litt frå Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd

Snart halvtanna år er gått sidan nytt sokneråd vart konstituert i januar 2006. Me la oss på ein møteplan med møte ein gong i månaden, no er det i snitt ca 6 veker mellom møta, med lengre opphald midt på sommaren. Dette fører til at leiaren, for tida Steinar L. Mandt må ta avgjerd i enkle spørsmål.

Me hadde intensjonar om å delegere ein del oppgåver som matlaging og pynting til diverse arrangement denne perioden. No er det ikkje så mange å velge på ute i grendene, og mange har gjort ein flott jobb gjennom mange år. Me syns difor det er vanskeleg å spørje på nytt, likevel er mange svært positive og stiller opp. Ser du oppgåver du kunne tenkje deg å hjelpe til med, så ta kontakt med ein av oss.

Me har til no mellom anna jobba med desse sakene:
Gjennomgang av messelister og fordeling av offerlister.

Arbeid med å oppgradere kyrkjene i Mo og Skafså. Me har drøfta mellombels å fjerne benkar bakerst i kyrkja for å setje inn bord og stolar for små aktivitetar for born. Dette er og drøfta i fellestrådet, og ballen spela attende til soknerådet då det først må søkjast Biskopen om løyve til å ta ut benkar, så bør ein samstundes ha framlegg til kva som skal inn i staden, type møblar og helst i fargar som ikkje bryt med anna inventar i kyrkja. Dess betre grunngeving ein har for ei endring, dess lettare vil det vera å få gjennomslag for det.

Ein årleg aktivitet er fasteaksjonen saman med konfirmantar. Oppgåva vår er å køyre

rundt i kommunen; av og til må me trå til og bere bøsser.

I denne perioden har me hatt mykje tilstelningar der me har fått prøva oss som servitørar:

Overhøyringsgudsteneste for konfirmantane i det aktuelle årskullet.

Innsetjing av ny prost; Øyvind Jørgensen.

Konfirmantjubileum

Helgemesse

Soknerådsmedlemmane er i arbeid og rekk ikkje å lage mat til desse samværa sjølve, med den konsekvens at det tærer på økonomien når me må kjøpe alt ferdig.

Me har mange kyrkjer i soknet, men tida endrar seg og nye samlingspunkt er ynskjeleg. Me støttar difor moralsk opp om å vidareføre prosjektet om oppføring av fjellkyrkja på Skafsåheia. Prosten tok initiativ til å få i gang att arbeidet med rom i fleirbrukshuset tilpassa kyrkjelege handlingar. Me såg at lagerplassen me var tiltenkt ikkje var heilt eigna og soknerådet har drøfta alternative løysingar. Kyrkjevevja og prosten har arbeidd vidare med saka, og me har fått ei god løysing. Soknerådet har sett ned ein komite med ansvar for utsmykking ved bruk av fleirbrukshuset til kyrkjelege handlingar.

Me håpar me jobbar med det som kyrkjelyden finn viktig. Er det saker du brenn for, ta kontakt med ein av oss.

Steinar L. Mandt, Signe Bringsvær, Gunnar R. Øverland, Jon Utigard, Ingebjørg Kringlåk og Svein Ivar Sønning.

KONFIRMANTAR



Prost Øyvind A. Jørgensen

Erlend Bringsvær Karlsen

Vegard Wrålid

Andr

Helene Berge Frantzen

Karin Dahle

Vetle Lindvåg Johre

Marianne Einebærholm

Lisbeth Omland

Elen Andrea

Foto: Ove Kjell Huvestad

I TOKKE 2006-2007



reas Engedal

Ole Martin Skafså

Håkon Lie

Sokneprest Svenning Jørgensen

Hege Lassemo

Mathias Sogn Dahle

Erikstein

Elisabeth Norskog Balazs

Den kulturelle skulesekken

I samband med den såkalla kulturelle skulesekken, som går ut på at skulen skal gje kunnskap m.a. om lokalmiljø og kultur, var dei fleste andreklassingane i kommunen på kyrkjebesøk den 5. juni.

Dagen starta i Skafså kyrkje der Gunstein Seltveit og Øyvind Jørgensen fortalte om kyrkja og kyrkjeromet. Gunstein fortalte også om gapestokken utanfor kyrkjegardsporten, og synte film om korleis han vart bruka i tidlegare tider.



Andre del av dagen var vi i kyrkja i Eidsborg, der omvisar Tor Harald Otterholt fortalte om

PILEGRIMAR FRÅ EIDSBORG

Den lengste turen startar i Seljord 28.juni, og kjem til Røldal 6.juli. Nytt i år er òg høvet til å starte frå Eidsborg. Laurdag 30.juni kl.11 vert det halde utsendingsmesse frå Eidsborg Stavkyrkje. Seks-sju deltakarar kjem til å gå frå Eidsborg. Pilegrimsturen er elles fullteikna for andre året på rad. (Prosjektansvarleg for pilegrimsarbeidet Una Høydal har skrive/redigert boka " *Fann vi dei vegar* " som er å få i bokhandelen)

Den organiserte vandringa vert arrangert for femte gong. Vest-Telemark Museum står for det

den særprega kyrkja. Etterpå var elevane ute på kyrkjegarden og såg på gravene. Ikkje minst var det interessant å sjå grava til dei s.k. Rui-jentene, noko som biletet på framsida av bladet syner.



Til slutt var det leik og moro på plenen til museet. Elevane likte tydelegvis denne dagen. Dei var engasjerte og interesserte, stilte mange spørsmål og kom med mange gode kommentarar.

ØAJ

praktiske saman med historielag og sokneråd.



Det er ei stor glede på sjå ned mot Røldal

BRUK AV AVFALLSDUNKAR PÅ KYRKJEGARDANE

Slik ser det ut oppi avfallsdunkane som står på kyrkjegardane i Tokke. Det er sett opp plakatar på/ved desse dunkane, med informasjon om at ein **ikkje** skal kaste jord, torv, stein og planterestar oppi desse, men som ein ser er det lite av dette som havnar der det skal, nemleg på dei oppmerka fyllplassane på kvar kyrkjegard.



EIDSBORG STAVKYRKJE



Arbeidet med legging av ny spon på taket over svalegangen på sørsida av stavkyrkja er no godt i gang. Vi ser her Hans Marumrud og Aksel Andersen i sving med dette. Sponen vert festa med trepluggar. Samstundes er Timland Sveis og Rørservice i gang med opplegg av utvendig sprinkleranlegg.



Vidaugo i kyrkja treng og ny kitt og oppfrisking av blyinnlegget. Det skal gjerast av fagfolk som kan den gamle teknikken.



FIN SONGKVELD I HØYDALSMO KYRKJE



Foto: Olav Bjørn Bakken



Astrid Bakken

10.juni skipa soknerådet til songkveld i kyrkja, og mange møtte fram på den varme junikvelden. Det er i år 300 år sidan Petter Dass døydde, så det var naturleg å ha ”han Petter” som tema i kåseri og salmar. I tillegg vart Landstad og Blix med i programmet, då båe desse har røttar i Nord-Noreg. Spitzeck spela til kjende og kjære salmar og songar , Tokke songlag var med, Astrid Bakken spela fiolin, og det var kåseri om dei tre salmediktarane av Steinar Lundeborg, Anne-Lise Bakken (som batt kvelden saman) og Olav Bjørn Bakken. Svenning takka og avslutta samkoma. Me takkar for den gjeve kvelden me fekk i lag, der Kristus Herren vart prisa i ord og tonar.



Anne-Lise Bakken



Olav Bjørn Bakken



Spitzeck



Steinar Lundeberg



Tokke songlag med dirigent Stan Blackburn

Prostebustaden



Mange er interessert i korleis det går med prostebustaden på Dalen. det var ein vasslekkasje i fjor vinter, men til alt hell var det i vaskeromet. Skadene var ikkje store og vart så reparert. Då huset kunne takast i bruk i slutten av oktober i fjor, tok eg og kona mi, Herdis, utflytting til Tokke med dei tre yngste av borna. Ein studerar i Trondheim og ein i Oslo og ein bur på Kvitsund. Sidan huset skulle bli pussa opp, sette eg ikkje inn mykje møblar, berre det eg trong for meg sjølv. Kona mi har hatt arbeidet sitt ved Fjågesund skule, og har då hatt basen sin i Vrådal. Ho sluttar i jobben sin no og går av med AFP som det heiter.

Arbeidet med huset byrja i slutten av april. Det er f.o.fr. fornying av kjøkkenet. Sjø biletet

av kjøkkeninnreiinga som er gjort av Øy fjell treindustri. Sverre Bakken frå Kviteseid har måla og lagt nytt golv. Dessutan er andre rom i huset måla, garasjeporten er reparert og gardinstenger montert. I skrivande stund, 7. juni, er det meste ferdig, og det er blitt fint. No er det litt over ei veke til ferien min, så vidare innflytting blir etter ferien.

Utvendig er huset langt frå fint. Ordføraren har teke dette opp med Opplysningsvesenets fond, som har lova å vaske huset i år og måle til neste år. Gjerdet er heller ikkje fint. OVF er klar over at noko må gjerast med det, men det er ikkje avgjort kva eller når.

ØAJ

SLEKTERS GANG

DØYPTE

Mo

Emma Eikenes
Aslak Eikenes



Skafså

Kristine Solvang Rinden
Olav Hagen

Eidsborg

Brage Glømme Jupskås
Theodor Glømme Jupskås
Hannah Taraldlien
Ronja Prent Lillegård
Julie Konstanse Veen Hagen

Høydalsmo

Jon Halvor Moen Hovden

DØDE

Skafså

Jørgen Frantzen
Ingrid Elisabeth Byggstøyl
Torleif Teigen



Mo

Signe Huvestad

Eidsborg

Helga Tordis Bergland
Lars O. Mandt

Høydalsmo

Halvor Haldor Hovden

Lårdal

Astrid Mandt Askje

MESSELISTE FOR TOKKE PRESTEGJELD JUNI-AUGUST 2007

Sundag 24. juni – Jonsok

Skafså kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Høydalsmo kyrkje kl. 19

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Laurdag 30. juni

Eidsborg stavkyrkje kl. 11

Pilegrimsgudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 1. juli

Ikkje gudsteneste i Tokke

Sundag 8. juli – Aposteldagen

Mo kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 15. juli

Ikkje gudsteneste i Tokke

Sundag 22. juli – 8.s.e.pinsø

Lårdal kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Hallvard Nordbø Jørgensen

Sundag 29. juli – Olsok

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Øyvind Jørgensen

Eidsborg stavkyrkje kl. 19

Gudsteneste
Øyvind Jørgensen

FULLDISTRIBUSJON

Returadresse:
KYRKJELYDEN
Postboks 94
3886 DALEN

Sundag 5. august – 10.s.e.pinse

Grimdalstunet kl. 12

Gudsteneste
Øyvind Jørgensen

Sundag 12. august – 11.s.e.pinse

Eidsborg stavkyrkje kl. 11

Gudsteneste
Øyvind Jørgensen

Sundag 19. august – 12.s.e.pinse

Mo kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen


Sundag 26. august – 13.s.e.pinse

(Stad, sjå lysing i V.-T. Blad) kl. 11

Gudsteneste

Lårdal kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Presentasjon av konfirmantane
i Høydalsmo og Lårdal
Svenning Jørgensen



SIKRING AV GRAVMINNE

Det er framleis ein del gravminne på kyrkjegardane i Tokke som ikkje er sikra med boltar. Vi vil i sommar prøve å bolte dei som står att, det gjeld dei vi kjenner til namn på ansvarleg festar. Utanom dette finst det ein god del gravminne som vi ikkje kjenner til namn på ansvarleg festar, desse gravminna må vi anten legge ned eller fjerne frå kyrkjegarden. Skulle nokon finne ut at dykk har gravminne som ikkje er bolta, kan dykk kontakte:

**kyrkjekontoret på tlf. 35 07 71 88
eller kyrkjeverja på tlf. 908 77 188**

Dette gjeld og dersom nokon finn ut at det er usikra gravminne, og de veit kven som er ansvarleg for gravstaden, melder i frå til kyrkjekontoret, slik at vi kan kontakte vedkomande.

I § 24 Sikring, forskrift til gravferdsloven står det:

Stående gravminne i stein skal festes til fundament i stein med to 15 cm lange og 12 mm tykke syrefaste bolter.

Fundament skal ha en form og en størrelse som forhindrer at gravminnet kan veltes og skal i bunnen ha en anleggsflate som er dobbelt så bred som gravminnets tykkelse.

§ 26. Ansvar

Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på kirkegården. Når fellesrådet finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan fellesrådet sette i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.